



Hardanger Fjord Nytt

www.hardangerfjord.com

Hardanger aukar med 33.000 gjestedøgn!

15% framgang både på hotell og hytter

Det er store gjestetetal og god omsetningsauke Hardanger kan syne for juli og perioden januar-juli 2004. Hotella har hatt ein måned med 15,7 millionar kroner i losjioemsetning, opp vel 3 millionar frå 2003. Samla dei 7 første månadene ligg hotella 11 millionar kroner over 2003 på same tid. Hytter og camping auka med 3.000 gjestedøgn i juli og har ein samla framgang på 14.000 gjestedøgn fram til august.

Rekord

Som i resten av Noreg er 2004 eit særst godt reiselivsår i Hardanger. Det har aldri vore registrert så mange gjestedøgn på hotell i Hardanger som i juli 2004. Rekorden er på 46.000 gjestedøgn, vel 1000 meir enn rekordåret 1994! Ei losjioemsetning på nær 16 millionar kroner er også godt over dei tala som Statistisk Sentralbyrå tidlegare har notert. Det er eit langsiktig marknadsføringsarbeid kombinert med gode økonomiske indikatorar som er hovudårsaken til framgangen. Spesielt viktig er det at ferie- og fritids marknaden i Hardanger har gått fram med 18% når yrkestrafikken syner ein dalande tendens. Gode kurs og konferansetal bidrar og til jubelåret i Hardanger.

fortsettelse på side 2

Haustkonferansen 2004

Me minner om årets HAUSTKONFERANSE som vert arrangert i Statkraftstova ved NVIM Tyssedal torsdag 23. september, og vonar at så mange aksjonærar og avtalepartnarar som mogeleg kan møte! Ein må ikkje kvile på eit godt reiselivsår, men alle i bransjen må no nytte høve til å planlegge dei neste åra. Hugs at de disponerar eit marknadsføringsprosjekt på fleire millionar og ein stab på 5-6 personar som står til dykkar disposisjon!



Juli statistikk.....	2
Internett	2
Polsk fjernsyn i Hardanger.	3
Telemark-Hardanger.....	3
Eventyrveien pressetur.....	4
Reiselivet i Hardanger.....	5
Populær Hardanger Guide....	5
RDA-workshop i Köln.....	5
RHF-nytt.....	6

Særs gode tal for reiselivet i Hardanger

Fortsettelse frå side 1

Nordmenn dominerar

Beleggsprosenten på hotell gjekk opp 9%-poeng i juli, og gjennomsnittleg rompris steig med vel 2%. Romprisen er av dei betre i landet, og hittil i år har denne styrka seg med 7% sidan 2003. Nordmenn står for 55% av gjestene, og har solid framgang i alle segmenter. Av utlendingane er det særskilt folk frå Tyskland og Nederland som strøymer til Hardanger. Men den største prosentvise auken står Storbritannia, Frankrike og Japan for. Skal ein dryppa noko malurt i begeret må Tyskland tåle ein nedgang på 800 gjestedøgn (-2%) i perioden januar-juli. Vidare sviktar amerikanarane med 8%.

Hardanger har retta seg mot Polen dei siste åra, og polakkane gjeng fram med heile 71%, men tala er enno ikkje nemneverdig store.

Ujamm utvikling

På hotellsektoren er det dei indre delar av Hardangerfjorden som står for heile framgangen. Medan camping i Kvam klarar seg bra, har hotella i denne kommunen ein stagnasjon og tilbakegang i gjestetal. Dette kan ha samanheng med reisemønster og struktur, men Reisemål Hardanger Fjord AS peiker på at hotella i Kvam ikkje i nemneverdig grad har delteke i regionen sine marknadstiltak i regi av selskapet.

Måloppnåing

Held tendensen fram i resten av året vil Hardanger nå dei måla som næringa har sett i marknadsplanen til reisemålselskapet. Truleg vil ein ikkje nå heilt opp i volumet frå 1994 ved årsavslutning, men 2004 teiknar allereie no til å verte eit av dei beste i Hardanger si historie.

Det regner minst i Eidfjord og Ulvik

Det norske meteorologiske Institutt slår i ein rapport om Nedbørsnormaler 1961-1990 fast at årleg nedbør i Eidfjord er 840 millimeter og i Ulvik 1000 millimeter. Dette er dei lågaste tala i Hordaland. Bergen har til dømes 2250 millimeter og Masfjorden heile 3537 millimeter.

Kvamskogen og Øystese ligg høgt, henholdsvis 3151 og 2100 millimeter. Det regner altså 3 gangar så mykje i Bergen som i Eidfjord. Og skulle du forville deg til Brekke i Sogn, så regner det 4-5 gangar så mykje der. Heile 3575 millimeter pr. år!!

Er verksemda di å finna på Internett?

Delta i eit nasjonalt og regionalt heilheitleg Internettmiljø, der reiselystne finn dykk !
Prisar frå NOK 2700 per år - inkludert høg eksponering, og målbare resultat.

De vert synlege på bla. www.hardangerfjord.com, www.fjordnorway.com, www.visitnorway.com, og elles indirekte på dei viktigaste søkemotorane.

Kva hender i Hardanger?

Kontakt oss informasjon om registrering, eller henvend dykk til ditt lokale turistkontor. Informer oss, og me distribuerer via vår reiselivsdatabase til mange portalar!

Og sjøvsagt også på:

www.hardangerfjord.com

Polisk fjernsyn i Hardanger

I juli hadde Hardanger vitjing av den polske rikskanalen TVN3 som skal laga reiseprogram om Noreg med hovudfokus på Hardanger, under sitt populære program "Club Globtrottera". TV-gjengen på 4 vart ført til Hardanger av Hardanger Ambassadør Martin Prozek, som driv turoperatøren PM Skandinavia, og dei var 4 dagar i regionen vår. Dei var godt nøgde med arbeidet, og dei filma ca 11 timar som skal redigerast til 2 X 30 minuttars program som skal sendast i august og september. Til våren vert desse episodane sendt i reprise.

Dette er eit resultat av Reisemål Hardanger Fjord si satsing på den polske marknaden. Me har arrangert Hardangerlunsj ved Kgl. Norsk Ambassade i Warszawa i 2 år, og i fjor sendte TVP3 også program om Noreg og Hardanger i sin "Club Globtrottera" serie. Polen vert f.o.m. 2005 nytt satsingsområde for Innovasjon Norge, så det vert interessant å følgja utviklinga frå denne meget potensielle marknaden!



Bergenserane er heldige!

Magasinet ULTRASPORT skriver i juli/ september utgåva bl.a.:
"Trønderne kan misunne bergenserne mye. For ski- og brettkjørere er det helt greit at Rosenborg er best på den paddeflate fotballbanen. Fra rekeposen på kaikanten på Bryggen tar det bare 2 ½ time til friske utfordringer på sommersnøen på Folgefonna Sommarski senter. Ulikt andre sommerskianlegg har Folgefonna et enormt kundegrunnlag i nærområdet, innen en radius på 2-3 timer bor anslagsvis 6-700.000 mennesker. Det burde være lovende for utviklingen videre".

Telemark og Hardanger



Telemarksreiser og Reisemål Hardanger Fjord AS inviterte saman med Color Line og Innovasjon Noreg i Tyskland til visningstur på Haukelivegen i månedsskiftet august/september. Deltakarane var tyske turoperatørar og incoming operatørar. Det var 10 deltakarar frå 8 firma i tillegg til representantar frå Innovasjon Noreg, RHF og Telemarksreiser med på turen.

Ein hadde to dagar til rådighet i Hardanger og nytta desse til besøk hos verksemdar rundt Sørfjorden og i Ulvik; Måge Gardsbutikk, Agatunet, Utne Hotel, Hardanger Folkemuseum, Rica Brakanes Hotel, Stream Nest, Hotel Ullensvang, Van der Tuuk reise- og guideservice og Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum. I tillegg til nyttig informasjon, vart det og bydd på rikeleg med freistingar for auge og gane.

Nokre av deltakarane kjende Hardanger godt, medan andre vitja Noreg for første gong. Felles for alle var at dei gav uttrykk for begeistring for stadane me vitja, noko me vonar vil resultere i bestillingar i framtida.

Tilbakemelding frå ein av deltakarane:
"Es war alles wirklich gut organisiert und sehr informativ. Begeistert war ich von fast allen Hotels, die wir uns angesehen haben, da wir viele davon auch im Programm haben. Es ist doch immer wieder hilfreich, wenn man schon mal vor Ort war. Das war wirklich ein gelungene Reise!"

Visningstur dansk presse Eventyrveien/Hardanger

Som eit resultat av presseturen som vart arrangert i samarbeid med Fjell og Fjord Ferie ("Eventyrveien") med danske journalistar tidleg i juni, skriv det danske magasinet **Vildmarksliv** i juli utgåva m.a.:



Vi begiver os i stedet over til et sted, hvor de modigste får mulighed for at prøve et såkaldt "fosfaldshop". Igen er sikkerheden helt i top og Michael fra FlathEarth? sikrer sig, at de dobbelte sikringslinier sidder korrekt, da vi spænder dem op.

Karabinhagerne spændes på linen og fæstes i selen på kroppen.

Michael selv går forrest. Kravler op mellem to stammer på et birketræ og kaster sig ud over det hvidsprudlende vandfald under ham.

Hængende i karabinhagerne glider han ned over vandfaldet, som kun er et par meter under ham.

På den anden side af elven sikrer han sig, at alt også er i sikker tilstand derovre, inden vi trækker ham tilbage over elven.

- Hvem er næste? spørger Michael, da han igen er frigjort fra sin sele.

Alle tøver.

Men så vil Mette prøve og straks, da hun har meldt sig, er hendes puls helt oppe at køre.

Hvad har hun sagt ja til?

Hun bliver rød i hovedet, medens blodet pumper rundt i hendes krop. Er der nu

ingen vej tilbage? Hun tager sig på halspulsåren og tager nogle dybe indåndinger. Puster ud og forsøger at slappe af.

Så går hun op mellem stammerne lige før springet.

Der er langt ned - måske 15-20 meter - og hun tager sin tid.

Gruppen bag hende giver støttende bemærkninger og tæller ned. 3 - 2 - 1.

Så springer hun under et højt hvin efterfulgt af et glædesråb, da hun hænger over den frådende elv, medens hun gynger op og ned i linien, der bærer hende.

Hun bliver modig og lader sig vende på hovedet, således at udsigten til selve vandfaldet gør, at enhver stedsans forsvinder.

Så hiver vi hende ind igen, men de små stød det giver i linien, der bærer hende, får hende til kramagtigt at holde så fast, at hun dirrer.

Igen har hun fast fod under sig, men fortsat med en meget høj puls - men lettet og glad over at hun turde.

Den næste springer og det bliver til flere, der kaster sig ud.

Men det er helt frivilligt og ingen er under "gruppepres"!

Selv må jeg indrømme, at jeg denne dag ikke havde det fornødne mod til denne aktivitet i dette naturskønne landskab



Reiselivet i Hardanger

Gratulerar, Hardangertun!

24. juli kåra Reiselivsbedriftenes Landsforening (RBL) Hardangertun til den beste campingplassen i landet.



Gratulerar, Hardangerviddahallen!

Hardangerviddahallen as (tidlegare Eidfjord Kafedrift as) er også i 2004 den einaste reiselivsbedrift i Hordaland som er med på Dagens Næringslivs "gaselle-liste".



AKSJE i Reisemål Hardanger Fjord AS

Grunna fusjonar, opphøyr etc er det no nokre aksjar "ledige" som aksjeeigar gjerne vil selja til kostpris NOK 1.000/stk.

Vi kan formidla salet, og ber interesserte ta kontakt med oss. Etter vedtektene må styret godkjenne transaksjonen, men dersom vi får melding før 28. september vil dette kunne ordnast raskt.


Hardanger på RDA-messa i Köln



Reisemål Hardanger Fjord og Hotel Ullensvang delte stand under årets RDA Workshop i Köln. Dette er den viktigaste møteplassen for bussgrossistar og bussoperatørar frå heile Tyskland samt resten av Europa. Me delte stand på den Skandinaviske fellesstanden som var 110kvm. Her traff me fleire gode kontaktar og vonar på framleis auke i tyske bussgrupper til Hardanger!



Populær Hardangerguide



Grunna den rekordstore tilstrøyminga til Hardanger i år har vi diverre måtte "rasjonera" ut Hardangerguiden, då opplaget på 190.000 berre rauk ut. Vi ber om forståing for dette, og ber De returnera "ubrukte" guidar til oss, slik at de som ber om den populære trykksaka kan få delar av tinga kvantum.

Arbeidet med Hardanger Guide 2005 er allereie i full gang. Det byrjar haste dersom ein vil annonsere i neste års guide. For nærmare informasjon eller tinging av annonse, ta kontakt med Silje Svendsdal: svendsdal@hardangerfjord.com.

RHF Nyhende

Nytt om namn



Silje Svensdal er tilsett som reiselivskoordinator i Reisemål Hardanger Fjord AS (RHF). Ho er kvemming og har sidan desember 2003 vore reiselivsekretær i RHF.



Tidlegare sals- og produktkoordinator i RHF, Jeanine Heide, har gått over til skulesektoren. Reisemål Hardanger Fjord takkar Jeanine for eit godt år, og ønskjer ho lukke til vidare!

RHF hospiterer i London



Egil Johansen skal mellom 1. oktober og fram til jul hospitere hjå Innovasjon Norge (IN) sitt kontor i London. Her kjem han m.a. til å arbeida med IN sitt nye cruiseprosjekt og World Travel Mart, i tillegg til bearbeiding av den britiske marknaden for Reisemål Hardanger Fjord.



Komande RHF-marknadstiltak

Salsreise i Sverige og Danmark
November

Hardangerlunsj i Moskva
19. oktober

Hardangerlunsj i Stockholm
23. november

Hardangerlunsj i København
24. november

Hardangerlunsj i London
6. desember

Les meir om våre marknadstiltak for 2005 i Marknadsplanen, som vert sent ut til deltakarane ved årets Haustkonferanse



ardanger

Reisemål Hardanger Fjord AS, Hardanger Brygge, 5600 Norheimsund

Tel: +47 5655 3870

Fax: +47 5655 3871

info@hardangerfjord.com

www.hardangerfjord.com